

ER DET MORGONLYSET som stikk slik i auga? Ho prøver å løfte den høgre handa opp mot panna for å skyggje for lyskjelda, men handa ligg like tung på dyna. Handa hennar lystrer henne ikkje. *Er* det morgonlyset som stikk slik i auga? Ho vender ansiktet andre vegen, mot kroppen hans, som ligg i senga ved sida av. Men det hjelper ikkje, det er ikkje morgonlyset som stikk i auga. Eg må løfte handa, tenker ho, i alle fall løfte armen, slik at eg kan skyggje for lyset. Det stikk, det brenn som om det var to glødande solkuler som låg i augehølene hennar. Det gløder og syng i øyra. Han ligg ikkje i senga lenger, han står på badet og syng, ei vise om ein sommardag ved sjøen. Ho vil synge med, men det blir berre små klynk. Så kjem han inn att, står ved fotenden og løfter hendene ut mot henne, ho ser det ikkje, men ho høyrer det, ho høyrer hendene hans opne seg og munnen hans forme seg til eit kyss, før alt revnar og eksploderer i tusen millionar fargar. Auga hennar sprenger seg ut og blir liggande oppå dyna. Ho har greidd å løfte seg opp på albogane og no ligg ho med auga på dyna, og mannen hennar er borte.

– HAN VAR EIN flott mann, Magda. Ein nydeleg flott og galant mann som alltid løfta på hatten då han helsa på meg.

Kvinna som seier dette står med ein kaffikopp i handa. Ho nipper forsiktig til kaffien, brenn seg på tunga, og kommenterer alle bileta på veggen over skjenken.

– Nei, er dette den yngre bror hans? Så like dei var! Nei, så kjekke unge menn, ja, det er det eg seier, han var ein flott mann.

Magda ser kvinna bevege leppene fram og attende mot koppen, og løfter kaffikanna for å skjenke i meir.

– Han var musiker, seier Magda, og tømmer i meir kaffi. Det ryk frå kannetuten og ned i koppen.

– Nei, det var han vel ikkje akkurat.

– Jau, han var musiker. Magda smiler mot koppen til kvinna, som nøler og ser fort rundt seg før ho bles lett ned i koppen.

– Men var han ikkje sløydlærar?

Magda skjønner ikkje kva kvinna ikkje skjønner. Men ho smiler til henne og nikkar mot kakefatet.

– Det eine utelèt ikkje det andre. Prøv bringebærkaka!

Det er fleire i Magda si stue som har forsynt seg av bringebærkaka. Ho er ikkje sikker på om ho kjenner alle i dag.

Men dei smiler så fint og bruker så mange flotte ord når dei snakkar om mannen hennar. Og dei liker tydelegvis bringebærkaka. Det gjer godt å sjå alle menneska i stua hennar som liker kaffien og forsyner seg av kakene. Ho høyrer dei smattar og mmmm-ar frå kvar ein krok. Det gjer at ho svevar gjennom rommet, med kaffikanna og kakefatet. Ho raudnar då presten tar henne lett på aksla og fortel henne at den bringebærkaka var aldeles fortreffeleg. Ho raudnar av lukke og skam.

– Ja, han var musiker, ein flott musiker. Ho hevar stemma, for å vere sikker på at fleire enn Gunvor høyrer kva ho seier. – Han spelte på husorgelet nede i kjellaren. Swing og cha-cha-cha.

Magda står framleis med kakefatet og kaffikanna då ho viser nokre dansesteg. Ho kjenner seg underleg lett i hovudet, og ser rundt på menneska i stua. Ho ser at dei ikkje skjønner, og ho skjønner verkeleg ikkje kva det er så vanskeleg å skjønne. Ho ser Rut stå borte ved pianoet. Sjølv ikkje Rut forstår noko av det Magda seier.

– Og rumba!

Kaffikanna begynner å bli tung i den høgre handa. Ho må le det bort, det at dei ikkje skjønner orda hennar. Det treng ikkje bety at det ikkje er sant.

Nei, no skammar ho seg. Det var ikkje slik det skulle bli. Ho meinte det jo berre godt då ho ville avsløre kva Bodvar og ho hadde friska opp att det siste året, dansekunsten!

– Men Magda ...

Der står han, ved sida av Rut, med hendene i lomma, i tøflane sine. – Men Magda, då, seier han, og ser på henne med buskete augebryn. – Eg sa jo at dette skulle vere mellom oss, no skuffar du meg.

Jaja. Jajajaja. Jajajajajaja.

– Jajajajaja. No må de forsyne dykk med kaker, så skal eg kome rundt med kaffi!

Det er heilt stille i stua. Nokre står med kaffikoppar og andre står med sølvskeier. Ho ser rundt på munnane, for å sjå om dei snurpar seg ved tanken på Bodvar og Magda på dansegolvet, men ho ser ikkje riktig klart lenger. Det doggar visst på brillene hennar. Men ho smiler framleis, heilt ut i alle hjørne, og skjenker kaffi til dressnippar som sørger over mannen hennar, Bodvar, som aldri riktig slutta i jobben som kontormedarbeider i Indremisjonen, som vart til ei plage etter kvart, fordi han aldri gav seg, som fekk overrekt blommar og rosemåla bolle og ei bok den dagen han gjekk av med pensjon, men som kom attende dagen etter. Bodvar som gjekk på posten for dei, og vatna blomane på kontoret, sjølv om den nye kontormedarbeideren, ei ung kvinne med joggesko – Bodvar meinte det var altfor lite høgtidleg å gå på arbeid i joggesko, ho trimma ikkje akkurat, ho sat jo berre på den nye kontorstolen sin og svinga hit og dit mellom dataskjermen og telefonen – var fullt i stand til å vatne blomane og gå på postkontoret sjølv. Bodvar som stilte opp kvar morgon klokka ni, sjølv om krinssekretæren tre gonger hadde bedt han om å gå heim og nyte pensjonisttilværet. Jau då, Magda visste det.

Ho visste også kvifor han ikkje gjekk heim.

Menneska i stua hennar har begynt å ete att. Dei skrapar asjettane og tømmer kaffikoppene og begynner å bere ut på kjøkkenet. Venninnene frå Bedehusforeininga, dei som alltid tar eit tak på kjøkkenet under møte og basarar, står

ved vasken og skyljer omhyggeleg før dei plasserer i oppvaskmaskina. Magda står i døropninga med kaffikanna og kakefatet og ser på. Når Rut bøyer seg over oppvaskmaskina, står baken hennar opp og ut, han er rund og godt polstra med ullstrømpebukse, underskjørt og foldeskjørt.

Rut er alltid redd for å fryse på seg likt og ulikt. Ho vart født tre veker for tidleg, i mai 1940, heime i stua. Det var tidleg i mai og framleis snø rundt huset og tele i jorda. Denne telen sette seg i ryggmergen hennar. Det er difor ho alltid fry, meiner Rut. Difor ho alltid må ha ull og sjal. Rut og Magda møttest ein glødande dag midt i livet. Og sidan har dei vore saman.

No ryddar Rut inn resten av oppvasken og tørkar av benken, før ho snur seg mot Magda og tar frå henne kaffikanna og kakefatet.

– Berre gå opp og legg deg, Magda, du ser trøytt ut.

Ho seier det i éin bevegelse frå oppvaskbenken, gjennom lufta, bort til Magda og attende. Ho tømmer kaffikanna og fyller ho med rykande varmt vatn, før ho tømmer henne att og set henne opp-ned på oppvaskbenken, legg plastikk over kaka og plasserer henne nedst i kjøleskapet, før ho ombestemmer seg og seier ned i plastikken at ho tar med seg denne kaka heim, du har så mange likevel, det blir for mykje for deg, blir det ikkje?

Rut står brått heilt kurrande stille og ser på Magda med store blå auge. Ho ser innover i auga hennar og heilt inn i sjela, den sorgtunge sjela som gjer at ein snakkar over seg.

– Kjære deg, Magda, du treng ikkje seie alt du tenker i dag. Sjølv sagt har du mykje å tenke på, og då er det fort at det går i surr for deg.

Magda vinkar Rut av garde.

– Eg ringer i morgon! ropar Rut før ho slenger att porten etter seg. Før ho gjekk, løfta Rut handa og strauk Magda varsamt over kjaken. Skrukkete hand over mjuk skrukkekjake. Ho veit så mykje, ho Rut. Ryddar oppvasken og tar med seg kakerestar, utan at Magda treng be henne, stryk henne over kjaken til og med, utan at Magda treng gråte for det. No vinkar ho Rut av garde og låser døra. Ho hadde meint å gå ned i kjellaren og danse, men no er det lik som brukt opp. Kjøkkenet er ryddig og blankt skinande i respateksplatene. Det er ingenting som vitnar om noko minnesamvær, utanom blomehavet i stua, og parfyme- og kake- og kaffilukta, som Magda ikkje kjenner, som heng att i gardinene. Magda stryk seg sjølv over kjaken, for å kjenne korleis ho kjennest ut.

No skal Magda sørge.

tiden